

Samandrag av innlegg ved feiring av 150-års minnet om forfattere Hans Seland (1867–1949)

Av Idar Stegane

Hans Seland språkbruk – vidareføring av Aasens landsmål

Hans Seland såg opp til Ivar Aasen og sette systematiseringa av skriftmål basert på landsbygdialektane høgt. Men landsmålet hadde i utgangspunktet eit formverk som nok var rikt og nyansert, men òg meir innvikla enn det talemålet som fanst i mange dialektar.

Alt A. O. Vinje gjorde endringar i dette, men til dels basert på ein dialekt som hadde halde på gamle drag: i former som snjo, fljota, brjota, omlydsformer som fyssa (av foss) hysa (av hus); fleitalsformer som votn og lond (av vatn og land); bøyingsformer som leikade, kastade; og elles mange fleire stumme konsonantar enn vi brukar no. Skriftspråket trong nye abstrakte omgrep, og somme framlegg vart tekne i bruk, andre ikkje. Det måtte lempast til etterkvart. Nye forfattarar kom mot slutten av 1800-talet, og dei fleste som valde landsmål, hadde bygdebakgrunn, og Seland var ein av dei. Han var kanskje den som gjorde seg språkleg mindre avhengig av eldre bruk og mønster. Men han heldt òg på kontinuiteten. Den populære forteljings boka *Søren Lande* (1895) innleier han med å sitere Aasens dikt “Gamle Grendi” og tek såleis til med Aasens perspektiv i hans gamle grend og går over til skildringa av folk og miljø i fjordgrenda og folket med den truskuldige og pratsame humoristen Søren Lande i sentrum, som Seland fortel om.

Arne Garborg ynskte Seland velkomen til då han melde boka *Ein liten gut* i 1891. Seland har “i foredaget en indsmigrende blødhed, der synes at stemple ham som syd-vestlænding”. Garborg seier ikkje noko om grammatikk eller former, men rosinga av språkbruken frå ein senior må ha verka oppmuntrande på den unge diktaren. “Maalet laut ymsa etter emne”, meinte Seland. Han skreiv nok høgstil, t.d. i salmar, men la også vekt på å bruke kvardagsord som folk kjende godt. Omsynet til publikum viser seg mange stader, i kortare og lengre forteljingar, i “morostubbar” i barnebøker. Bjarte Birkeland skreiv i ei litteraturhistoie (1975): “Leiken mellom born, og mellom born og foreldre, har gått rett inn i forteljinga – ei form som peikar fram mot Prøysens prosaforteljingar.” Seland legg heller ikkje skjul på at folkemålet har kraftuttrykk: “No meiner eg Sattan er laus,” sa Søren Lande. “Fans ungar som ikkje kan sjå seg fyre!” snerrar Salve i *Eikelifolket*.

Det var i det munnlege han gjorde mest for målet, skriv biografen Einar Arne. Og det både i skrift og tale. Han gjorde i



grunnen liten skil på det. Han brukte same ordet om begge: "norskt mål". Men dialekten var nok tydeleg når han reiste rundt og fortalde for fulle hus: Han var ein av si tids største entertainerar her i landet.

Han kjem frå Sunnfjord og har vore skogsarbeidar, sildefiskar, lærarvikar og gymnaslektor. Han er ekspert på lyrikaren Olav H. Hauge og i 1993 tok han doktorgraden i nordisk litteraturvitenskap med avhandlinga "Det nynorske skriftlivet. Studiar i framvoksteren av ei nynorsk litterær offentlighet". Same året blei han professor og nå er han professor emeritus.

Litteraturvitar Idar Stegane fortel om Hans Selands språkbruk

(Idar Stegane, side 2)